

Agastølen

TEMA: Vegar over vidda ①15,
Bønder og busetnad ①37, Byggjeskikken ①115

Den som vandrar på vidda, vil frå tid til anna koma framom gamle stolar eller felæger, med trauste grå steinbuer, gjerne halvt inngravne i bakken; ein byggjeskikk som har tradisjonar bakover mot forhistorisk tid. Når vi er mette av urörd natur, er det noko heimsleg å treffa på dei gamle stolarne. Dei representerer ein type menneskelege inngrep som vi ikkje berre aksepterer, men som vi set pris på. Dei vekker attkjenningssglede, og er eit talande vitnemål om korleis folk i bygdene har nytta sjølv dei mest avsidesliggjande ressursar.



AGASTØLEN i Bjoreidalen er eit gammalt stølsbol; kan henda er utgangspunktet her ei steinbu i samband med eit driftelæger. Ei av dei gamle slepa gjekk her, men det er først på 1800-talet at denne langstølen vart bygd ut med mange hus. I andre halvdel av 1800-talet vart stølen seld til Knut Aga og vart då heitande Agastølen. Truleg

er det han som har bygt ut anlegget slik det er i dag: eitt sel med skut og grue, eit anna sel utan eldstad, ei ostebu, ei mjølkebu, eit ystehus og ein flor.

For å nytta utmarksareala maksimalt hadde gardane i fjordbygdene fleire stolar, i ulik avstand frå heimebøen. Heimestolarne var vår- og hauststolar.

Desse låg så nær garden at budeia kunne gå heim med mjølka. På langstolarne, sommarstolarne, budde budeiene i 10-12 veker om sommaren. Her kinna dei smør og ysta ost. Ystinga kravde store mengder brensel, og mange stolar vart flytte etter kvart som skogen vart uthoggen. På stølen vart det òg hausta vinterfôr til dyra. Stølsdrifta, med beiting, vedhogst og førsanking har påverka kulturlandskapet i fjellet. □



DRIFTEKARANE OG FERDSLA OVER VIDDA

Dei store fedriftene over vidda høyrer seinare hundreår til, men slepa – dei gamle ferdsleårene over vidda – fortel om stor trafikk mellom Hardanger, Telemark og Numedal; ei ferdsle som går heilt attende til mellomalder og forhistorisk tid.

Gruvedrifta på Kongsberg hadde mykje å seia for bygdene i Hardanger. Det var folk frå Eidfjord som først fann vegen til den nye store marknaden på Kongsberg på 1600-talet. Vegen over vidda var kort, og sambandet austetter var gammalt. Til Kongsberg drog dei med smør, ost, kjøt og ull; varer som folk i gruvebyen hadde stor trong for. Også hestar til malmtransport og talg til lys i gruvegangane var viktige varer.

Handelsferdene austetter følgde dei gamle slepa over vidda. Langs desse finn vi dei mange felægra eller driftelægra, som på Hadlaskard og Halne, der buskapen beita og vart gjødd opp før han vart ført til markadsplassane.

JERNVINNA I SYSENDALEN

På dei vide flatene på FET i SYSENDALEN, nokre hundre meter nedanfor riksvegen, ligg spora i landskapet etter ein av dei viktigaste produksjonsstadene for jern på Vestlandet. Her har det vore store anlegg; gjennom lange periodar ein veritabel jernindustri. Talrike restar av overgrodde tufte, kolmiler, jernblåster og slagghaugar fortel om at dette var ein stor og sentral arbeidsplass i det sterkt ekspanderande jordbruksamfunnet i hardangerbygdene i dei første hundreåra av vår tidsrekning.

Då folk oppdaga at myrane inneheldt jernmalm, tok det ikkje lang tid før ei ny næring fekk innpass i gardsarbeidet. Jernvinna var eit sesongarbeid med stor arbeidsinnsats. Malmen fann folk i Eidfjord i myrane på vidda, særleg i Sysendalen. Ofte kan vi sjå det oppløyste jernet i vatn, der steinane har den raudbrune rustfargen. God tilgang på furu og bjørk trongst for å laga kol til å

vinna jern ut or malmen. På denne tida var heile Sysendalen dekt av tett skog. I blåsterrommen smelta dei andre metalla i malmen seg saman med oska og vart til slagg som la seg på botnen, medan jernet samla seg i ein liten klump råjern. Dette vart så smidd ut til ymse produkt. Gjennom jernalderen – ein periode på nærare 1000 år – vart denne prosessen stadig meir effektiv, slik at ein fekk meir jern av malmen.

På Fet er det rekna ut at det ligg 1000 m³ slagg. Det tilsvarende ein produksjon på om lag 2500 tonn jern. Til denne produksjonen må det ha gått med 20000 m³ ved. I perioden kan 50 mann eller fleire ha vore i arbeid med jernvinna. Det var dette som førte til avskoging av Sysendalen og endra landskapskarakteren. Dei gravfunna vi kjenner frå Åstestølen, Garen og Fet har naturleg nok samanheng med busetnaden og jernvinna på fjellet.